



Torleif Matre
Træet 16
5986 Hosteland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/807 - 23/7596

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@masfjorden.kommune.no

Dato:
04.09.2023

Melding om delegert vedtak - Konsesjon for kjøp av GBNR 5/6 og 5/7

Vi syner til søknad motteke den 29.08.2023.

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr: 086/2023

Masfjorden kommune gjev ekteparet Torleif Matre og Wibeke Matre konsesjon for kjøp av landbrukseigedomen GBNR 5/6,7 . Den avtalte kjøpesummen er kr. 975.000. Vedtaket har heimel i §§1,2 og 9 i konsesjonslova. Grunngeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga og vurdering.

Vedtaket vert matrikkelført i kommunen og de vil få melding når dette er gjort.

Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

Saksutgreiing:

Dokument i saka :

- Søknad om konsesjon, datert 24.08.2023

Saka gjeld :

Ekteparet Torleif og Wibeke Matre søker konsesjon for kjøp av landbrukseigedomen GBNR 5/6,7 i Masfjorden kommune.

Formålet med kjøpet er sauehald og stelle kulturlandskapet. Søkjarane har ikkje planar om å busette seg på garden. Eigedomen er ei øy utan vegsamband og offentleg båtskyss. Bygningsmassen på eigedomen er i dårleg stand. Søkjarane er busett i kommunen.

Kjøpesummen er kr 975.000,-

Eigedomen GBNR 5/6,7 :

Planstatus

Eigedomen har arealformål LNF (landbruk, natur, friluftsliv) i kommuneplanen.

Areal

Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog	Anna areal	Sum
3,4	0	0	0	1087,3	1090,7

Kjelde : Nibio sitt gardskart

Bygningar m.m

Bygningar	Byggeår	Grunnflate, m2	Etasjar	Teknisk stand
Våningshus	1940	40	1,5	Dårleg
Driftsbygning	1950	100	1,5	Dårleg
Drivhus	1980	70	1	Dårleg
Uthus	1950	70	1	Dårleg

Vurdering :

Administrasjonen har vurdert søknaden i høve til konsesjonslova § 1, 9 og rundskriv M -3 /2017 Konsesjon, priskontroll og boplikt. «*Konsesjonslova har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforholds om er mest gagnlige for samfunnet, mellom anna for å tilgodesjå landbruksnæringa, ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling når det gjeld fast eigedom, og omsynet til busetjinga*».

Etter konsesjonslova § 9 skal det ved avgjersle av søknad om konsesjon for overtaking av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål, leggjast særleg vekt på fylgjande punkt til fordel for søkjar:

1. Om den avtalte prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling

Det går fram av rundskriv M2/2017 frå Landbruks- og matdepartementet at bebygde landbrukseigedomar som har mindre enn 35 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord ikkje er underlagt noko krav om priskontroll. Denne eigedomen fell inn under dette.

2. Om overtakars føremål vil ivareta omsynet til busetjing i område

Eigedomen er konsesjonspliktig fordi den er over 100 dekar. Den har mindre enn 35 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord, og er difor ein eigedom som ikkje har lovbestemt buplikt.

3. Om overtaking medfører ei driftsmessig god løysing

Får 1.juli 2009 er det innført generell og varig driveplikt for jordbruksareal. Driveplikt er ei personleg og varig plikt som ikkje er knytt opp mot erverv av eigedom. Nye eigarar må innan 1 år ta stilling til om dei vil

drive eigedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet. Dersom driveplikta ska oppfyllast med bortleige, må avtalen vere skriftleg, gjelde for 10 år om gongen og gje ei driftsmessig god løysing.

4. Om overtakaren kan sjåast som skikka til å drive eigedomen

Det går fram av søknaden at ein av søkjarane har vakse opp på gard. Søkjarane har hatt sauehald dei siste 7 åra.

5. Omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet

Eigedomen er godt eigna til villsaudrift. Storparten av eigedomen består av naturtype kystlynghei. Eigedomen er ferdig inngjerda i form av sjø.

Konklusjon :

Det å gje konsesjon til søkjarane i denne saka stettar formålet i konsesjonslova og dei punkt som spesielt vedkjem landbrukseigedomar. Søkjarane får konsesjon for kjøp av gbnr 5/6,7.

Gebyr :

I tråd med Masfjorden kommune sine Gebyr- og betalingsssatsar 2023 vert det sendt faktura pålydande kr 1300,- til søkjarane. Sakshandsamingsgebyr, konsesjonssaker punkt 15.1.2.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan klagast på jfr §§ 28-36 i Forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Kjartan Nyhammer
landbruksrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:
Torleif Matre

Træet 16

5986

Hosteland